




På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, S. Aadland



SOKNERÅDVALET



Den 9. september er den store valdagen til hausten. Då skal ikkje berre kommunestyra veljast, men også sokneråda. No er det slik, at me ikkje har fått inn fleire framlegg til valliste enn den eine som soknerådet står inne for. Dermed vert det såkalla fleirtalsval. Det betyr at det du kan vera med å bestemma, er kven av dei som står på den eine lista som skal veljast inn i soknerådet, og kven som skal vera varamedlemer.

Listeframlegg ved val av sokneråd 9. sept. 2019 – Samnanger sokn

Nr	Namn	Fødselsår	Bustad
1	Hilde Maraas Aarvik	1963	Gjerde
2	Anlaug Røen Hauge	1947	Rødne
3	Gullborg Marie Kongestøl Aasgaard	1958	Eikedalen
4	Inger Elisabeth Odland	1952	Lauvskar
5	Knut Inge Røen	1950	Rødne
6	Reidun Tunes	1951	Rolvsvåg
7	Johannes Bruvik	1976	Ådland
8	Monica Tjønna	1973	Eikedalen
9	Anne Gerd Tandstad	1965	Ytre-Tysse
10	Eva Hellevang	1947	Haga
11	Fred Morten Ervik	1969	Totland
12	Tor Jellestad.	1962	Reistad

Når valet nærmar seg, vil kandidatane verta presenterte både på heimesidene våre og eit eige valblad.

Kva gjer dei på?

I kommunar med fleire sokn, har kvar sokn sitt sokneråd. Så har kvar kommune eit fellesråd med representantar frå alle sokna og ein som er vald av kommunestyret. I Samnanger har me berre eit sokn, difor er vårt "fellesråd" soknerådet

med ein kommunal representant i tillegg. Me kallar det kyrkjestyre. Desse to råda har ulike oppgåver.

Soknerådet sine oppgåver:

- Skal "vekkja og nærja det kristelege livet i soknet" i følgje kyrkjelova §9
- Ansvar for strategisk utvikling i kyrkjelyden.
- Vedtek mål og planar for soknet t.d. trusopplæringsplan, diakoniplan og plan for

kyrkjemusikk

- Organiserer aktivitetar i kyrkjelyden
- Vedtek lokal grunnordning for gudstenestelivet
- Vedtek føremål for kyrkjeofringar
- Forvaltar innsamla midlar til lokalt arbeid
- Har ansvar for bruk av kyrkjene.
- Førebur saker for kyrkelydsmøtet

Kyrkjestyret sine oppgåver:

- Ivaretek soknet sine interesser i høve til kommunen
- Har ansvar for bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar. (Gravplassen vert i Samnanger drifta av kommunen.)
- Er arbeidsgjevar for dei som er tilsette i kyrkja
- Forvaltar statlege og kommunale tilskot. Styrer planprosessar
- Skaffar og driv kyrkjekontor.

Frå kyrkjeboka



Døypte

10.3.

- Samuel Frøland
- Noomi Skår Foss

7.4.

Bjarne Ytrearne Lægland

14.4.

Nathaniel Mareli
Hisdal Børve



Gravlagde

12.3.

Anna Hisdal

11.4.

Monica Reistad

GLIMT FRÅ TRUSOPPLÆRINGA



T.h: "Noadag" for 5-åringane.



T.v: "Krolledag" for 3-åringane. Under: Leik på "Kompis"